

Møtereferat

Stad: Kontoret til Fylkesrådmannen

Tid: 13. november 2012, kl. 09.00

Møtedeltakarar:

Hordaland Fylkeskommune:

Fylkesrådmann Paul M Nilsen

Økonomidirektør Johnny Stiansen

Seksjonsleiar Torbjørn Aarethun

Kvam bompengeselskap AS:

Dagleig leiar Oddvar Brakestad

Kvam herad:

Ordførar Asbjørn Tolo

Formålet med møtet:

- 1) Framdrift vegproduksjon i Kvammapakken
- 2) Kostnader vegproduksjon i Kvammapakken
- 3) Bompenginntekter
- 4) Vegpersellen frå Øystese til og med Skarparvingen
- 5) Fylkesrådmannen oppsummering

Ordføraren i Kvam Asbjørn Tolo presenterte innleiingsvis i møte betydninga av dei 9 vegprosjekta som ligg føre i Kvammapakken. Tolo viste til det gode samarbeidet mellom Kvam herad og Hordaland fylke som vegeigar ved realisering av vegpakken. Som eit fylgje av Kvammapakken viste Tolo og til fleire utviklingsprosjekt i Kvam der positiv bruk av steinmasser skapar grunnlag for ny utvikling for bustad, næring, friluftsområde og parkering/turisme.

Kvam bompengeselskap AS v/ Oddvar Brakestad orienterte om innhaldet som er referert i punkt 1-4.

Framdrift vegproduksjon Kvammapakken:

Kvammapakken inneheld 9 vegprosjekt. Børvenestunellen er ferdigstilt, og vegparsellen

Norheimsund-Vikøy er i produksjon med ferdigstilling hausten 2013.

Grunna manglande godkjende reguleringsplanar er dei andre 7 prosjekta i Kvammapakken ikkje starta opp. Alle reguleringsplanane er venta godkjende våren 2013, og samla vegproduksjon er planlagt slutført i 2014.

Kostnader vegproduksjon Kvammapakken

Kostnadsramma for Kvammapakken oppjustert til 2012 kr. er 494,3 mill. fordelt på 443,3 mill i bompengar og 51,1 mill. frå vegeigar Hordaland Fylkeskommune. Statens vegvesen v/prosjektleiar Rolf Harketstad har pr. 1. november 2012 usikre estimat som viser samla vegkostnader på 559,6 mill. Dersom dette vert eit faktum manglar Kvammapakken 65 mill. til samla investering.

Bompengeinntekter:

Bompengeinntektene for 2011 var om lag i samsvar med st.prp. samla brutto kr. 29.200 mill.

Prognose for bompengeinntekter i 2012 er kr. 29.924 mill. brutto.

Kvammapakken trafikk- og inntektsprognose 2012 er basert på ådt. brutto 2959, med andel betalende 83 % (erfaring 2011) ådt. netto 2456 (st.prp) med inntekt pr. kjt. Kr. 33,40 (st.prp)

Trafikkutviklinga viser ein nedgang i 2012. Svikt i turisttrafikk, tap på utanlandske kjøretøy og auka kostnader på innkrevjing og vegkantutstyr, fører til reduksjon av inntekter i høve resultat frå 2011. Det er venta trafikkauke grunna realisering av Jondalstunnelen og Hardangerbrua.

Vegparsellen frå Øystese til og med Skarparvingen

Statens vegvesen v/prosjektleder sin prognose pr. 1. november 2012 er kr. 121,6 mill. for denne vegparsellen. For noverande og framtidig trafikkavvikling er denne parsellen ein «flaskehals» på FV-7 med høge anleggskostnader i eit krevjande terreng kombinert med mange bustader. Kostnadsramma for denne vegparsellen langs fjorden inneheld ikkje støyskjerming for bustader, grunna unntaksreglar. Kvam herad har under arbeid ein alternativ reguleringsplan med tunnel frå Øystese til Fykkesund bru – Håfjellstunnelen. Det vert frå Kvam herad vist til ein vesentleg høgare samfunnsnytte med realisering av Håfjellstunnelen. Tunnelforslaget er ei innkorting på 5 km på FV-7 av ei samla veglengda på 8 km.

Fylkesrådmannen- oppsummering

Administrasjonen i Hordaland Fylkeskommune er kjend med at det er usikre kostnadsanslag som ligg til grunn i st.prp. for Kvammapakken. Bakgrunnen for dette er at det berre låg føre ein godkjend reguleringsplan av vegprosjekta ved behandling av bompengesøknaden. Fylkesrådmannen ser det som viktig at alle tiltaka i Kvammapakken vert realiserte slik det var framstilt til vegbrukarane ved oppstart av bompengeinnkrevjinga. Dersom ramma for utbyggingskostnadene må aukast vil Fylkesrådmannen fremja sak til polistisk handsaming med positiv innstilling til auka bruk av fylkeskommunale vegmidlar. Dette er i samsvar med uttale frå Fylkesrådmannen ved fleire høve i arbeidet med realisering av Kvammapakken.


Fylkesrådmannen opplyste vidare at dersom Kvam herad fremjar forslag om endring i Kvammapakken som inneheld tunnel frå Øystese til Fykkesund bru, vil saka verta administrativt vurdert av vegeigar før saka går til polistisk handsaming. Fylkesrådmannen er kjend med dei vanskelege tilhøva inkludert uforholdsmessig høge kostnader som ligg til grunn ved opparbeiding av «dagparsellen» som er planlagt. Fylkesrådmannen la til grunn at ved val av tunnelalternativet må auka bruk av fylkeskommunale vegmidlar, bompengeinntekter og eventuelt endra plassering av bomstasjonar vera utgreidd.

Bergen 13. november 2012



Paul M. Nilsen

Fylkesrådmann



Asbjørn Tølo

Ordfører Kvam herad